

Villanger og sønner AS  
Kvassnesvegen 45  
5914 ISDALSTØ

Att.Rune Kristoffersen

---

<b>Dato</b>	29.06.2022
<b>Vår referanse</b>	2022/63257-2
<b>Dykkar referanse</b>	
<b>Sakshandsamar</b>	Tone Bøyum
<b>E-post</b>	Tone.Boyum@vlfk.no
<b>Telefon</b>	

## Førebels svar - Søknad om dispensasjon fra byggegrense - Sæbøtunet - Fylkesveg 5240 Sæbøvegen - Gbnr. 488/68 - Alver kommune

Viser til søknad mottatt 14.06.2022.

### Byggjegrænse:

Det er søkt om dispensasjon frå byggjegrænse frå fv. 5240 Sæbøvegen. Eigedommen ligg i eit område som ikkje er regulert. Dispensasjon frå byggegrense følgjer difor føresegnar i veglova, som har ei generell byggegrense på 50 meter frå vegmidte. Vi meiner det vil vere ei kurant sak å søkje slik dispensasjon.

### Avkøyrslø:

Eigedommen har avkøyrslø frå fylkesvegen om område som er regulert jf. reguleringsplan *Sæbøtunet*. Reguleringsplanen vart endra i 2018 med mellom anna ny tilkomst til området.

§2 til planen seier at vegmynde skal godkjenne avkøyrslø før det vert gjeve bruksløyve innan felt B6. Vi kan ikkje sjå at denne godkjenninga er gitt. Dersom du meiner at avkøyrslø er godkjent ber om dokumentasjon på dette.

Vi var på synfaring på staden 28.06.2022. Vi vurderer at utforming av avkøyrslø for det meste følger tekniske teikningar som Statens vegvesen godkjente i brev av 12.11.2018. Vi ser likevel at det er alvorlege avvik når det gjeld siktforhold i avkøyrslø. Sikta retning høgare var målt til 6 x 27meter, mot reguleringsplanen sine krav på 6x 60 meter. Skilta fart på strekninga er 80 km/t.

### **Oppsummert:**

Vi vil ikkje gje løyve til ny utbygging i dette området før siktforholdet er retta opp.

Før ein går i gang med arbeid for å utbetre sikta i samsvar med godkjent reguleringsplan, bør det søkjast arbeidsvarsling hos Statens vegvesen:

<https://www.vegvesen.no/fag/veg-og-gate/arbeidsvarsling/>.

Dersom du har spørsmål til innhaldet i dette brevet kan du ta kontakt med sakshandsamar.

Med helsing

**Kari Elster Moen**  
senioringeniør  
INV - Forvaltning Bergensområdet

**Tone Bøyum**  
senioringeniør  
INV - Forvaltning Bergensområdet

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Kopi til:

ALVER KOMMUNE

Postboks 4